

# KULTURPOSTEN


## MARS 2018

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



Marte Vågenes Solheim, ei av mange dyktige deltakarar på lokalmønstringa i UKM.

© UKM Nordhordaland



**RADØY**  
den grønne øya

# KULTURPOSTEN MARS 2018

## Kulturprisen for Radøy kommune

Kulturprisen vert gjeve til einskildpersonar, grupper, organisasjonar og lokale institusjonar for aktivt, frivillig kulturarbeid over lang tid.

Profesjonelle kulturarbeidarar som driv kulturverksemd på nasjonalt nivå, eller som gjennom sær gode einskildprestasjonar har utmerka seg, kan òg få kulturprisen. Her skal det leggjast vekt på om arbeidet eller prestasjonane gjev positive ringverknader lokalt.



*Kulturprisen 2017 vart tildelt Frode Myking.*

Kulturprisen skal ikkje tildelast landsomfattande organisasjonar/institusjonar og heller ikkje personar tilsette i slike organ. Den eller dei som får kulturprisen skal bu eller verka i Radøy kommune. Ingen einskildperson kan få prisen meir enn ein gong.

Forslag til kulturprismottakarar kan fremjast av innbyggjarar eller lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune. Forslaga skal vera grunnjevne.

Frist for å koma med framlegg på kandidatar er sett til 1. april 2018. Framlegga skal sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

For meir informasjon om kulturprisen, sjå <https://www.radoy.kommune.no/kulturprisen>

## No kan du nominera kandidatar til idrettsprisen til Radøy kommune!

Radøy kommune sin idrettspris skal gå til ein idrettsutøvar, ein trenar eller eit lag som har utmerka seg med stor innsats, gode resultat og gode haldningar. Fristen for å koma med forslag er sett til 1. april.

Den som får prisen skal vera heimehøyrande i Radøy kommune eller vera knytt til eit idrettslag i kommunen.

Send ditt forslag til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no).

Prisen vert delt ut på kultur- og idrettsgallaen i Radøyhallen 29. april.

## Arrangement under kystsogevekene?

Kystsogevekene er ei årleg stor-  
mønstring av arrangement i 22 kyst-  
kommunar, frå Sveio i sør til Gulen  
i nord, med fokus på tradisjonell og  
moderne kystkultur. I år vert kyst-  
sogevekene arrangert i perioden frå  
4. august til 16. september.

Dei som ynskjer å ha eit arrangement  
under kystsogevekene i Radøy kan  
registrera arrangementet på  
kystsogevekene si nettside  
[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no) innan 10.  
mai.

Kontaktperson i Radøy kommune er  
Bente K. Hervik, tlf. 56349012/e-post:  
[bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no).



*Frå opninga av kystsogevekene på Risnes 2017.*

## Informasjonsmøte om strandrydding

I år, som i fjor, vil Radøy kommune invitera til dugnad på strandryddedagen. Strandryddeveka 2018 startar 30. april og avsluttast 6. mai, men me oppfordrar sjølvsagt til innsats resten av året òg. Den offisielle strandryddedagen er laurdag 5. mai.

Me inviterer lag og organisasjonar, verksemder og alle interesserte til informasjonsmøte på rådhuset 3. april kl. 20.00.



## Aktuelle tilskotsordningar - Radøy kommune

### Driftsmidler til lag og organisasjonar

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidler til lag og organisasjonar. Tilskotet skal dekkja driftsutgifter som administrasjon, leige av lokale, instruktørutgifter og andre løpande utgifter. Det vert ikkje gjeve driftstilskot til lag som har som einaste formål å drifta lagshus.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april.

### Tilskot til mindre kostnadskrevjande investeringar i kulturbygg og -anlegg

Det kan gjevast tilskot til:

- Investeringar i egne kulturbygg og -anlegg
- Kjøp av utstyr og materiell til egne kulturbygg og -anlegg

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april

### Midlar til tilrettelegging av turstiar

I budsjettet for 2018 er det sett av midlar til tilrettelegging av turstiar. Lag og organisasjonar og privatpersonar som ynskjer å tilretteleggja ein eller fleire turstiar i Radøy kommune kan ta kontakt med Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no).

### Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

### Prosjekt- og aktivitetsstøtte (Radøy kommune)

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

## **Aktuelle tilskotsordningar - fylkeskommunen**

### **Tilskot til lokale kulturbygg**

Hordaland fylkeskommune gjev tilskot til lokale kulturbygg. Tilskotet skal vera med på å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Søknadsfrist i Radøy kommune er 1. april.

Les meir om tilskotsordninga på Hordaland fylkeskommune sine nettsider:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturbygg/>

Kontaktperson i Radøy kommune er Bente K. Hervik tlf. 56 34 90 12 eller e-post: [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no)

## **Tilskotsordningar - private**

### **ExtraStiftelsen**

Extrastiftelsen gjev støtte til helse- eller forskningsprosjekt. Dersom du ynskjer å søkja må du anten vera godkjend som søknadsorganisasjon av Extrastiftelsen, eller samarbeida med ein av dei godkjende søkjarorganisasjonane. Søknadsfrist er 15 mars.

For meir informasjon, sjå <https://www.extrastiftelsen.no/>

### **SR-bank**

Sparebankstiftelsen SR-Bank deler ut gåver til allmennyttige føremål i Agder, Hordaland og Rogaland. Prioriterte formål er idrett og kultur. Søknadsfrist er 19. mars.

For meir informasjon, sjå <https://srstiftelsen.no/>

### **Sparebanken Vest - Allmennyttige midler**

Sparebanken vest deler ut midlar til allmennyttige føremål Dera satsingsområde er oppvekst og utdanning, næring, idrett og kultur.

Søknadsfrist er 1. april.

For meir informasjon, sjå <https://www.spv.no/om-oss/samfunnsansvar/allmennyttige-midler>

### **Storebrand "Vi heier på"**

«Vi heier på»-konkurransen fordeler årleg økonomisk støtte til ulike samfunnsnyttige prosjekt i inn- og utland. Prosjektene skal vera prega av mot og evne til å tenka nytt og annleis, og vera til glede og nytte for initiativtakarane og dei prosjektet rettar seg mot.

<https://www.storebrand.no/om-storebrand/vi-heier-pa-konkurransen>

## Cato Plettens minnefond

Lag og einskildpersonar kan no koma med forslag på kandidatar til å få stipend frå Cato Plettens minnefond. Styret i minnefondet skal kvart år dela ut stipend til ein eller fleire unge talent innanfor dei ulike kulturaktivitetane som er i Radøy, anten som utøvar eller administrator/leiar. Vedkomande må bu i Radøy og vera 17 år eller yngre i tildelingsåret. Kvart stipend skal vera på mellom 2000 og 5000 kroner, og kandidaten skal nytta stipendet til vidareutvikling av talentet sitt.

Forslaga må innehalda namn på kandidaten, grunngjeving av forslaget og namn på forslagsstillar. Frist for innsending av forslag er 4. april 2018.

Send ditt forslag til Ordførar Jon Askeland, Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no)



*Evie Kalnes Dencker fekk stipend frå Cato Plettens minnefond i 2017.*

## Kulturkalenderen

Ved å ta i bruk kulturkalenderen på kommunen sine nettsider kan ein unngå uheldige kollisjonar mellom arrangement. Hugs å leggja dine arrangement inn i kulturkalenderen på Radøy kommune sine nettsider så snart du veit tidspunktet for arrangementet! Opplysningar om arrangementa kan leggjast til eller endrast seinare.

### Slik gjer du det:

1. Gå til [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no) og trykk på "Sjå kalender for heile Nordhordland".
2. Trykk på Registrer arrangement.
3. Fyll ut skjemaet og trykk på send.

Har du spørsmål eller treng du hjelp, kontakt Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) .

